

GODKJENT PER E-POST 21.01.2011



MØTEBOK

Møte i Forskningsnemnda 11.01.2011

- Til stades:
- Dag Austbø, forskingsleiar ved IHA
 - Gerd Vegarud, forskingsleiar ved IKBM
 - Eva Falleth, representant for ILP, til stades under sak 1/, 2/, 4/2011
 - Nils Bjugstad, forskingsleiar ved IMT
 - Tron Eid, forskingsleiar ved INA
 - Jan Mulder, forskingsleiar ved IPM, til stades frå sak 2/2011
 - Eirik Romstad, forskingsleiar ved IØR
 - Tor Arve Benjaminsen, representant for Noragric
 - Ruth Haug, prorektor for forskning og leiar av Forskningsnemnda
 - Sheena Gilchrist Lisland, representant for teknisk-administrativt tilsette
 - Hanne Sjølie, representant for stipendiatane
 - Marte Skogen, student
- Forfall:
- Annegreth Dietze-Schirdewahn, forskingsleiar ved ILP
 - Anders Eika, student
- Frå sentraladministrasjonen:
- Ragnhild Solheim, forskingsdirektør
 - Joanna Boddens-Hosang, seniorrådgivar i Forskningsavdelinga, til stades under sak 2/2011
 - Hans E. Plessner, til stades under sak 4/2011
- Møteleiar: Ruth Haug
- Møtebok: Ågot Aakra.

Velkomen

Forskingsleiar Eirik Romstad ved IØR og Handelshøgskolen ved UMB ønskte velkomen og orienterte kort om:

- Om Handelshøgskolen ved UMB (HH-UMB)
- Utvalde forskingsaktivitetar ved
- Utfordringar for HH-UMB både når det gjeld forskning og undervisning

Sak 1/2011 Innkalling og saksliste

Dokument:

- a) Innkalling med saksliste
- b) Vedlegg:
Møtebok frå FoN-møte 30.11.10 (godkjent per e-post 10.12.2010).

Vedtak:

Innkalling og saksliste godkjent

Sak 2/2011 Handlingsplan for internasjonalisering

Dokument:

- a) Saksframlegg
- b) Vedlegg:
1. Handlingsplan for internasjonalisering

Vedtak:

1. FoN tilrår forslag til Handlingsplan for internasjonalisering. Kommentrarar som kom fram i møtet, og innspel som blir sendt forskingsavdelinga innan 18. januar blir innarbeidde i handlingsplanen.
2. FoN ber om at ein vurderer open høyring av Handlingsplan for internasjonalisering.
3. Ein bør vurderer korleis ein kan prioritera unge forskarar når det gjeld internasjonalisering og korleis auka finansieringa av internasjonaliseringstiltak ved institutta.
4. FoN tilrår at emne på 400-nivå gir utteljing i budsjettmodellen.

Sak 3/2011 Fordeling av statsfinansierte stipendiat- og postdoktorstillingar 2011. Fordeling av plassar i kvoteordninga studieåret 2011-2012

Dokument:

- a) Saksframlegg
Fordeling av plassar i kvoteordninga studieåret 2011-2012: Endra saksframlegg lagt fram i møtet.
- b) Vedlegg:
 1. Retningslinjer for bruk av statsfinansierte stipendiat- og postdoktorstillingar ved UMB
 2. Oversikt over statsfinansierte stipendiat og postdoktorstillingar ved UMB per 21.12.2010
 3. Rundskriv F-12-10 frå KD vedr. kvoteordninga, inkl. oversikt over land som er omfatta av ordninga

4. Oversikt over land som er omfatta av kvoteordninga og som UMB eller einskild-institutt ved UMB har avtale med
5. Kvoteplass ved UMB - søknadsskjema

Vedtak:

1. FoN tilrår fordeling av stipendiat- og postdoktorstillingar 2011, etter gjeldande retningslinjer. FoN har ikkje grunnlag for å seia at det er behov for å endra retningslinjene nå. Tilrådd fordeling av stipendiatstillingar i kategori 2 blir at institutta IHA, IKBM, IMT, INA, IPM, IØR, Noragric blir tildelt to stipendiatstillingar kvar, ILP får ein stipendiatstilling. I tillegg er ein stipendiatstilling reservert vinnar av forskingsprisen 2010 (Gaute Einevoll, IMT).
2. Stillingar finansierte gjennom kvoteordninga blir fordelt etter same retningslinjer som statsfinansierte stipendiatstillingar og basert på avtalar UMB eller institutta har med landa som er omfatta av kvoteordninga. Da blir det éin kvoteplass (utviklingsland) til kvart av institutta INA, IMT, IPM, og Noragric. Kvotestipend (Aust-Europa, Sentral-Asia og Vest-Balkan) blir fordelt med éin plass til kvar av institutta IHA, IKBM, IMT, INA, IPM, IØR.
3. Retningslinjer for fordeling av stipendiat- og postdoktorstillingar bør gjelda for minst tre år, slik at tildelingane er føreseielege.
4. FoN beklagar at UMB ikkje har fleire stillingar til fordeling og oppmodar til at UMB arbeider enda meir aktivt med dette.
5. Prosessen med fordeling av stillingar i rektors pott må også vera føreseieleg og transparent. FoN ber om å bli orienterte om fordelinga av stillingane i rektorpoten i neste FoN-møte (8. februar).

Sak 4/2011 PhD-studentane som forskingsressurs

Dokument:

- a) Saksframlegg
- b) Vedlegg:
 1. ”PhD-studentene som forskningsressurs”, rapport frå arbeidsgruppe Hans E. Plesser presenterte rapporten.

Vedtak:

FoN ber om at Forskingsutvala ved institutta får rapporten ”PhD-studentene som forskningsressurs” til behandling. FU ved institutta gir tilbakemeldingar til forskingsavdelinga og FoN som deretter arbeider vidare med prioriterte forslag til tiltak. Rapporten blir også sendt til FODOS

Sak 5/2011 Informasjonssaker

Dokument:

- A. Nytt om Det nye universitetet (munnleg)
- B. US-møte 03.12.2010 (munnleg)
- C. Evaluering av biologi, medisin og helsefag
- D. Utanlandsstipend ved forskningstermin
- E. Nye NFR-prosjekt
- F. Utlysingar

Sak 6/2011 Eventuelt
Ingen saker